



## REFERAT FRA INNER WHEEL-MØTE

19.04.2022



### Opptak av nytt medlem

Det er stor stas når vi får ta opp eit nytt medlem i klubben.

Velkommen til Inger Risbakk Hildre frå Brattvåg.

Vi gler oss til mange gode møter saman.

*Frå venstre: Sylvei, Aud og nytt medlem Inger*

### Klubbsaker

President Aud Larsen tok for seg klubbsaker, m.a. månadsbrev frå distriktpresident Solrun.

Det vart referat frå distriktårsmøtet i Ørsta.

Sylvei og Aud utfyllte kvarandre med info frå møtet. Særleg med vekt på om Distrikt 27 skulle fortsette som før, gå inn i Distrikt 31 eller om heile landet skulle bli eit distrikt.

Dette året blir det som før; distriktstyret tok gjenvallg og past president Karin Gabrielsen går på som visepresident.

Grunna pandemien blir det reduksjon av kontingensten. Overskotet vert sendt til klubbane.

Narkotikahund-prosjektet skal halde fram som nasjonalt prosjekt.

Neste Distriktårsmøte vert i Tromsø i mars 2023.

### Eit godt “3-minutt” ved Erna Johnsen

Erna tok for seg påskeeggget. Ho orienterte om påskeharen og tradisjonen med påskeegg som har levd her i landet heilt frå 1800-talet.

Ho las også eit eventyr om korleis påskeharen og egget hang ihop. Sjå neste side.

Og for oss som liker påskegodt var det populært at ho til slutt tok fram eit påskegg fyllt med Twist.

### ISO

Som ISO orienterte eg om Dorcas Hus i Kongo og leste historia til Francine Malibirha Skikiza.

Ein dag i september 2019, då ho var 22 år, vart ho overfalt og valdteken av to ukjende menn.

Etter kvart kom ho til sjukehuset i Panzi der ho fødte ei jente som ho kalla Faraja (trøst).

Ho hørde om Panzi Foundation og om Dorcas Hus og bad om å få komme dit for å styrke sin sosialøkonomiske kapasitet. Her var det ymse å lære, som t.d. danseterapi, karate, song og fotball. Ho vart med i ei gruppe der ho lærte å lese, skrive og matematikk. I same gruppe fekk ho og lære om handel og forretningsdrift. Etter seks månader med lese og skrivetrening fekk ho lære saum og korgfletting.

I desember 2020 vart utdanninga avslutta.

I dag er ho tilbake i landsbyen og har satt i verk kurs for å lære opp andre kvinner i saum og korgfletting.

Ho er no initiativtaker og leder for MUSO utdanningsinstitusjon som har 30 medlemmer, 25 kvinner og 5 menn. Og attpå til så har ho gifta seg. For ei dame!

### Loddsal

Kr 670,- Heldige vinnere var Karin U., Ingrun og Aud.

Takk for eit fint møte.

Ingrun Gudbrandsen  
ref.